



ByggProsjekt AS

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/1166 - 19/8171

Saksbehandlar:

Einar Færø

einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:

22.05.2019

## Gbnr 19/2 Risnes - rammeløyve felles parkeringsplass -løyve til avkjørsle og dispensasjon frå avstand til kommunal veg

Delegasjonssak nr.: 127/2019

Det vert søkt om dispensasjon frå avstandskravet mot veg for etablering av 5stk parkeringsplassar for hyttegedomane gnr.19 bnr.28 og 29. Parkeringsplassen er tenkt plassert på gnr.19, bnr 2. Eigedomane har frå før nytta Risnes kai til å parkere på, men dette vert ikkje lenger tillate. Det fylgjer av pbl §29-4 første ledd andre punktum at kommunane skal påsjå at veglovas bestemmelser om byggjegrænse og friskt vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverket sin plassering må kommunen sjå til at løyve ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelser. Pbl § 29 – 4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tillatelse etter veglova.

Tiltaket det her vert søkt om ligg til kommunal veg som det ikkje er sett byggjegrænse mot. Avstanden til vegmidte skal difor vera 15 meter som bestemt i veglova § 29, andre ledd .

Plasseringa av tiltaket vil i dette tilfellet få ein minsteavstand til vegmidte på 3,6 m. Tiltaket er plassert slik i terrenget at det vil verta skjerma med ein naturleg voll mot vegen. Tiltaket er plassert like før ein kjem til kaien på Risnes. Vegen er ein blindveg og lite trafikkert. Det vil vera ein føremun at dei etablerte hyttene får eigne parkeringsplassar slik at uønska parkering langs vegen vert unngått.

Vegmynda finn difor å kunne godkjenna tiltaket sin plassering slik det vert søkt om. Likeins finn ein å kunne godkjenne avkjørsle i tråd med vedlagte teikningar.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen*

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

*skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk drift Einar Færø.

Med helsing

Einar Færø

*Driftsleiar sin signatur.*

**Mottakere:**

Bygg Prosjekt AS

ByggProsjekt AS